



B A R N E H A G E B A
Våkleivskogen 160
5155 Bønes
Tlf. 55 12 37 73
Bank konto nr. 9235 19 50244
Org. nr. 00971477814
[Http://www.vaatun.barnehage](http://www.vaatun.barnehage)
e-mail: vaatun@barnehage.no

Til Kunnskapsdepartementet ved Kristin Halvorsen

Bergen 11. juli 2010

Høyringskommentar til forslag til forskrift om likeverdig behandling ved tildeling av offentlige tilskudd

Våtun Barnehage er ein barnehage med 22 barn i alderen 1 til 6 år. Dei aller fleste barna i barnehagen bur i kort avstand til barnehagen. Barnehagen blir drive som eit andelslag med alle foreldre som andelseigarar. Denne eigarforma har barnehagen hatt i 23 år (sidan 1987) og det har fungert veldig bra. Barnehagen har 6 tilsette (ca 5,5 årsverk). Personalgruppa er veldig stabil og har ein høg førskulelærer-andel. Sidan vi også har lite sjukefråvera har vi svært sjeldan behov for å ta inn vikar utanfrå. Barnehagen ligg i Bergen kommune. Vi synest barnehagen har eit godt grunnlag for å gi barna som går her ein trygg og givande kvardag og håpar derfor at det nye finansieringsordninga som er planlagt vil gi barnehagen eit økonomisk grunnlag til fortsatt drift.

Kommentarar til enkelte av bestemmelsane i forskriftsforslaget:

Den bestemmelsen i forskriftsforslaget vi er særdeles ueinig i er § 9 der det står at kommunale barnehagar kan drive med underskot i tre år før tilskotsgrunnlaget til ikkje-kommunale barnehager blir auka tilsvarende. Vi er svært bekymra for at dette vil bli utnytta av kommunane og derfor til at dette vil bidra til at kommunale og ikkje-kommunale barnehagar blir økonomisk likestilte. Vi meiner at dersom rekneskapet for kommunale barnehagar viser underskot må dette gi grunnlag til tilleggstilskot til ikkje-kommunale barnehagar kvalt år. Det er kun dette som er økonomisk likebehandling. Det må også bli gitt signal om størrelsen på underskot til kommunale barnehagar før det må bli gitt tilleggstilskot til ikkje-kommunale barnehagar.

Vi har også kommentar til § 2d som seier at "kommunale barnehager med særskilt høye kostnader til ordinær drift kan holdes utenfor tilskuddsgrunnlaget". Her meiner vi det må komme svært tydelege signal om kva som kan bli rekna som særskilt høge kostnader, og det må forsikrast om at dette ikkje går utover likebehandlinga av kommunale og ikkje-kommunale barnehagar.

Vi viser også til § 11 der det står at "Barnehageeier som i løpet av året mottar høyere tilskudd enn det den har krav på, må enten tilbakebetale et tilsvarende beløp eller få trukket fra beløpet ved senere eller neste års utbetaling av tilskudd." Vi meiner at dersom ein kommune reknar ut feil



VÅTUN

tilskot kan ikkje barnehagen bli belasta for det. Kommuenen må forsikre seg om at han gjer grundig nok arbeid ved utrekning av tilskot og så stå for det. Barnehagen planlegger sin aktivitet ut frå årets budsjettet der tilskotet utgjer ein betydeleg del av inntektene. Dersom inntektssida blir endra pga upresist arbeid frå kommunen si side vil det ha store konsekvensar for barnehagen sin moglegheit for planlegging av barnas tilbod og aktivitet. Vi meiner derfor at denne bestemmelsen må bli tatt ut av forskrifta.

Vennleg helsing
Våtun Barnehage BA ved

Audil Kvåle
Styreleiar

Jannicke Øvrebø
Daglig leiar

